



Arkivnr: 2018/13843-7

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.11.2018
Fylkesutvalet		21.11.2018

## Prosjekt for betre framkome når Fv 7 er omkøyingsveg for E16

### Samandrag

E16 på strekninga Trengereid – Voss er rasutsett og ofte stengt grunna ras, rasfare og oppryddingsarbeid etter ras. I slike tilfelle blir Fv 7 hovudveg for omkøyring. Fylkesveg 7 er tildels dårleg og smal, spesielt på den 43 km lange strekninga mellom Øystese og Granvin. Når trafikkmengdene til E16 kjem for fullt inn på Fv 7, set Statens vegvesen i verk beredskapsplanen som inneber trafikkdirigering og kolonnekøyning, med det tidstapet som dette medfører. Alternativet utan trafikkdirigering vil i verste fall føra til full stopp og komplett kaos på strekninga.

Kvamppakken og Hordaland fylkeskommune har bidrege til opprusting på strekninga Øystese – Laupsa. Fylkesrådmannen ønskjer å komma i gang med fleire tiltak som gjev betre framkome, og såleis også ein sikrere veg. Behovet er langt større enn tilgjengelege midlar, men alle tiltak vil avhjelpa situasjonen.

Ettersom det for ein stor del er den ekstra trafikken frå E16 som skapar køar og behov for iverksetjing av beredskapsplanen, meiner fylkesrådmannen at Hordaland fylkeskommune bør komma i dialog med staten om opprusting av vegen. Såleis kan også staten spare utgifter.

**Økonomi:** Betre framkome på Fv 7 vil gi innspart tid for alle trafikantgrupper.

**Klima:** Anleggsarbeid gir meir utslepp på kort sikt, men etterkvart vil mindre køar og hindringar på vegen gi mindre utslepp.

**Folkehelse:** Mindre køar gir raskare framkome i kritiske situasjonar.

**Regional planstrateg:** Ingen konflikt.

**Forslag til innstilling:**

1. Fylkesutvalet ber om at tiltak for å betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese – Granvin blir prioritert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.
2. Fylkesutvalet meiner at det ikkje fylkeskommunen sitt ansvar aleine å gjere Fv 7 meir robust som omkøyingsveg, og ber om at fylkesrådmannen tek initiativ til dialog med staten om å bidra med finansiering av tiltak.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 19.10.2018****Bakgrunn**

Fylkesrådmannen viser til RS 57/2018 i Utval for miljø og samferdsel, der utvalet ba om at fylkesrådmannen kjem tilbake med ei sak. Vidare viser ein til vedlagt brev frå ordførar i Kvam herad datert 16.10.18.

Fylkesveg 7 går mellom Trengereid og Granvin, gjennom Samnanger og Kvam. Det er ein overordna fylkesveg, og er eit viktig aust-vest-samband i Hordaland.

ÅDT på vegen varierer mellom over 4900 ved Trengereid, 5400 sentralt i Samnanger, 2300/2000 over Kvamskogen, og rundt 1000 på strekninga mellom Granvin og Øystese (1600/1400 inn mot Øystese).

Vegen er omkøyringsveg for E16 når denne er stengt på strekninga Trengereid-Vaksdal-Voss. Den er også omkøyringsveg når Rv 13 er stengt mellom Granvin og Voss.

Det er vel kjent at E16 ofte er stengt på grunn av ras og opprydning etter ras. Ved slik stenging tilrår Vegtrafikkentralen omkøyring via Fv 7. Ved behov set ein i verk beredskapsplanen, som inneber trafikkdirigering og kolonnekøyring på strekninga Fykkesund – Granvin. Dette medfører redusert framkome, men alternativet utan desse tiltaka kan vera full stopp i trafikken i timesvis, slik ein opplevde seinast den 30. august i år.

E16 har ÅDT på 5600 ved Trengereid, 5400 ved Dale, 4500 Dale-Bolstadøyri, 4900 langs Vangsvatnet og 4000 gjennom Vangstunnelen.

**Strekninga Øystese – Ålvik – Granvin**

Strekninga Øystese – Granvin er 43 km lang og har mange smale parti. På dagar med stor trafikk kan det bli trafikkproblem når t.d. bilar med campingvogner og/eller tungtrafikk møtest.

Når vegen er omkøyringsveg, blir trafikken sannsynlegvis både dobla og tredobla. Fv 7 er ikkje dimensjonert for dei ekstra trafikkmengdene frå E16. Spesielt ille blir det om E16-trafikken har samla seg opp, til dømes for å venta på ny informasjon om opning. Dersom E16 då blir stengt vidare, kan det hopa seg opp mange store køyretøy i begge retningar. Når desse møtest på dei smale strekningane blir det kaos om det ikkje er sett i verk tiltak.

Statens vegvesen sin beredskapsplan inneber trafikkdirigering og kolonnekøyring i slike situasjonar. Beredskapsplanen for omkøyring på Fv 7 har to trinn; i første trinnet skal driftsentreprenør ha trafikkdirigentar ut i kryss ved Granvin, Fykkesund og Kvannal. I andre trinn skal ein ha leidebilkøyring mellom Fykkesund og Granvin.

Fv 7 får ekstra skader og slitasje når trafikkmengda blir for stor.

**Prioriteringar ved Hordaland fylkeskommune og Kvammapakken**

Gjennom bompengepakken Kvammapakken har ein fått gjennomført breiddeutviding og fortau på ein del av strekninga frå Øystese til Laupsa. Dette er ei delstrekning av prosjektet Øystese – Skarparvingen i Kvammapakken, som ikkje er fullfinansiert gjennom pakken. I tillegg til bidraget gjennom Kvammapakken, har Hordaland fylkeskommune prioritert følgjande tiltak på strekninga Øystese – Laupsa:

- Fylkestinget vedtok i juni 2017 å nytte resterande midlar i pakken til prosjektet Fv 7 Øystese aust – Skarparvingen, på delstrekninga Øystese aust til Laupsa, og løyvde 12 mill. kr i friske midlar til dette. I fylkestinget i juni 2018 vart det sett av 9 mill.kr i bompengar.
- Det står att noko sluttarbeid til 2019, og fylkesrådmannen vil kome nærare attende til slutføring av dette delprosjektet i 2019. Når dette er ferdig vil det stå att ei smal strekning utan fortau mellom Øystese og Laupsa. Om det etter ein nærare gjennomgang viser seg at det er attståande midlar i Kvammapakken vil desse nyttast i prosjekt aust for Øystese.
- Eksisterande Kvammapakke har innkrevjing fram til 2029. Ettersom det står att fleire prosjekt i pakken som ikkje har finansiering, har ein arbeidd med revisjon av pakken. Dette arbeidet ventar på avklaringar i høve planlegginga av ny veg (tunell) gjennom Fv 7 Tokagjelet.
- Rassikringsprosjekta Fv 7 Folkedalstunellen og Fv 7 Bjørgatunellen i Granvin herad har også medført betre framkome, ettersom rasfarleg og smal veg er erstatta med tunellar med full breidde, samt ny veg i dagen.
- Vidare er det fleire rasutsette punkt på strekninga Øystese – Granvin. Ein del mindre tiltak er gjort, men både større og mindre tiltak vil bli vurdert framover, i første omgang i plansamanheng.
- I tillegg pågår planarbeidet for ny trase gjennom Tokagjelet for fullt. Dette er ikkje ein del av strekninga Øystese-Granvin, men det er også ein flaskehals på Fv 7. Veggen gjennom Tokagjelet er særst rasutsett, tunellane er for låge, for bratte og for svingete etter dagens vegnormalar. I tillegg kan ny tunell løysa utfordringane for mjuke trafikantar på delar av Kvamskogen, alt etter lengde på tunellen. Dette prosjektet er tenkt finansiert gjennom rassikringsmidlar, bompengar og fylkeskommunale midlar.

Det står likevel att store behov for å fjerna fleire flaskehalsar. Statens vegvesen arbeider med planar om breiddeutviding og etablering av møteplassar. Bruk av lysregulering på delstrekningar, og nye visningsskilt vil også bli vurdert.

Fylkesrådmannen meiner Fv 7 bør vera av dei høgst prioriterte strekningane i Hordaland i åra framover, og har i fylkesbudsjettet for 2019 og økonomiplanen foreslått å setja av 10 mill kr årleg frå 2019 til 2022.

### **Medfinansiering frå staten**

Hordaland fylkeskommune meiner at staten, på grunn av E16 er svært rasutsett og såleis ofte er stengt, bør vurdere å bidra med finansiering til betre framkome på denne strekninga på Fv 7. Så langt er det rassikringsmidlar, fylkeskommunale midlar og bompengar gjennom Kvammapakken som har bidrege til betre framkome på denne strekninga.

Frå vegtrafikksentralen har Hordaland fylkeskommune fått opplyst om følgjande omfang av stengingar dei seinare åra:

I 2014 vart E16 stengt 28 gonger, med ei samla stengetid på 13,1 døgn. Tilsvarande tal for 2015 var 43 stengingar med ein samla stengetid på 12,2 døgn.

Med framtidig utbygging av E16 mellom Voss og Bergen, kan ein rekna med fleire stengingar og redusert framkome grunna anleggsarbeid. Det kan gje endå større utfordringar for Fv 7.

### **Reduserte utgifter for staten**

Sjølv om det er urealistisk å få «gul stripe» på Fv 7 mellom Øystese og Granvin i overskueleg framtid, vil ein del framkometiltak kunne gi ei betydeleg betring av tilhøva. Vidare vil tiltaka sannsynlegvis redusera omfanget av drifts- og investeringsutgifter for staten.

Når E16-trafikken blir omdirigert til Fv 7 medfører dette ekstra utgifter for iverksetjing av beredskapsplanen. Dette er utgifter i driftskontrakten for Voss/Hardanger som blir fordelt mellom fylkesveg og riksveg. Ifølgje opplysingar frå Statens vegvesen blir desse utgiftene fordelt slik; ein rundsum for beredskap blir fordelt mellom fylke og stat ut frå mengde, medan ekstra tiltak i høve omkøyning blir belasta riksveg/stat.

Når ny E16 mellom Trengereid og Voss skal byggjast vil omfanget av omkøyning på Fv 7 sannsynlegvis auka. Om Fv 7 får betra standard, kan det kanskje forsvare noko lengre stengingar av E16, og såleis kan staten spare inn noko midlar i dette prosjektet.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen meiner det er rett prioritering å rusta opp Fv 7 i åra framover. Dette vart godkjent av fylkestinget gjennom godkjenning av investeringsprogrammet for 2018. Dei smale partia som står att på vegen er for ein stor del der det er brattast og vanskelegast terreng å byggja veg i.

Vegen har, som andre fylkesvegar i Hordaland, eit etterslep på vedlikehald som fylkeskommunen ikkje ser seg i stand til å redusere dei næraste åra. I tillegg er også Fv 7 rasutsett på mange strekningar. Meir nedbør gjer at forfallet aukar raskare enn før.

Tiltak som inneber utviding/forbetring vil gi betring på desse strekningane, og slik sett redusera forfallet/veksten i forfallet der.

Dersom potten til nye strekningsvise prosjekt var større, ville fylkesrådmannen foreslått betydelege midlar til Fv 7. No prioriterer ein også vegen, men midlane rekk berre til mindre tiltak.

Ettersom dette er ein omkøyringsveg som staten har stort behov for og nytte av, vil fylkesrådmannen tilrå å invitera staten til forhandlingar å bidra med midlar, slik at vegen blir betre eigna som omkøyringsveg. Betre framkome vil gi innsparing for næringslivet og trafikantar, og på sikt også redusera driftsutgifter for staten og fylkeskommunen.

### **Vedlegg**

Brev frå Kvam herad ved ordførar Jostein Ljones til Hordaland fylkeskommune av 16.10.18